

Lotteriforvaltning

Søknad om løyve til å spele bingo

Opplysningar om organisasjonen:

Søknaden gjeld spel i pott (kryss av)		(NB: ved spel i pott skal alle søknader sendast samla)	
Organisasjonsnummer	Namn		
Adresse			
Postnummer	Poststad		
Telefonnummer	E-post adresse		

Bingotype (kryss av):

Entreprenørbingo	Foreiningsbingo	Radio / TV-bingo
------------------	-----------------	------------------

Skal fyllast ut ved entreprenørbingo:

Organisasjonsnummer entreprenør	Namn
Telefonnummer	E-post adresse

Bingolokalet:

Namn på bingolokalet	Adresse
Postnummer	Poststad

Løyveperiode:

Søknad om spel i perioden:	Frå (dd.mm.åå)	Til (dd.mm.åå)
-----------------------------------	----------------	----------------

Opplysningar om hovudspelet:

Maks kr 700.000 i omsetning pr. kalendarår pr organisasjon som deltek i løyvet (gjeld ikkje for radio/TV-bingo)	Omsetning kr:	Det blir kravd inn kr 1250,- i avgift for kvar organisasjon som deltek i løyvet
---	---------------	---

Opplysningar om sidespel:

Databingo – avgift kr. 25,-/dag	Namn:	Tal terminalar (min. 5):	Tal dagar
Papirsidespel – avgift kr. 10,-/dag	Namn:		Tal dagar

Vedlegg:

- Oversikt over speltilbodet (omsetningsbaserte gevinstar, faste gevinstar, jackpot, opningstider, bongprisar)
- Eksempel på bingobongar i papirformat som skal brukast
- Oversikt over lokale som ein ønskjer å spele i link med (sjå rettleiing neste side)

Stad/dato

underskrift

(med BLOKKBOKSTAVAR)

Lotteriforvaltning

Søknad om løyve til å spele bingo

Rettleiing til skjema:

Alle organisasjonar som skal halde bingo, eventuelt med tilhøyrande sidespel, må søkje Lotteritilsynet om løyve på fastsett skjema. Dette gjeld uavhengig av om organisasjonen arrangerer bingoen sjølv, eller om bingoen blir gjennomført ved hjelp av entreprenør. Alle organisasjonar som skal halde bingo må vere godkjent som lotteriverdig organisasjon av Lotteritilsynet.

Opplysningar om organisasjonen:

Spel i pott: fleire foreiningar spelar bingo saman og deler overskotet. Her skal søknadene sendast inn samla til Lotteritilsynet frå alle som skal delta i potten. Det skal fyllast ut eitt skjema for kvar foreining som skal delta i pottspel. Kvar enkelt av aktørane i ein pott vil få sitt eige løyve. Organisasjonsnummer og namn på søkjar skal førast på.

Bingotype:

- Entreprenørbingo: profesjonell aktør som arrangerer bingo på vegner av foreining.
- Foreiningsbingo: foreininga arrangerer bingo sjølv.
- Radio/TV-bingo: bingo som blir gjennomført i radio/ tv.

Skal fyllast ut ved entreprenørbingo:

Fyll ut opplysningar om autorisert entreprenør.

Bingolokalet:

Fyll ut opplysningar om bingolokalet.

Løyveperiode:

Det tidsrommet innanfor kalendaråret som ein ønskjer å spele bingo.

Opplysningar om hovudspelet:

Hovudspel er bingo som samtlege spelarar i lokalet kan delta i gjennom papir eller elektroniske bongar. Fyll inn kor stor omsetning det blir søkt om å ha innanfor speleperioden. Maksimal omsetning pr. løyve for den enkelte foreining er kr. 700 000 for vanleg bingo. Det er inga omsetningsgrense for bingo i lokalradio/ tv. Det blir kravd inn kr. 1250 i gebyr pr. løyve.

Opplysningar om sidespel:

Dei to formene for sidespel ein kan ha på bingo er databingo og papirsidespel.

Databingo er eit elektronisk bingospel der speleterminalar er kopla saman og det blir gjort ei felles trekning for alle terminalane. Opplys om namnet på terminalane og talet på dagar dei skal stå oppstilt for foreininga. Det skal betalast eit gebyr på kr. 25 pr. speledag (pr. lokale) for databingo, uavhengig av tal terminalar og system. Det er ikkje lov å ha mindre enn 5 terminalar i eit databingosystem.

Papirsidespel er førehandstrekte lotteri med maksimal gevinst på kr. 1.000,- og maksimalt innskot på kr.10. Gi opp namnet på sidespelet og talet på speledagar med papirsidespel. Gebyret er på kr. 10 pr. dag (pr. lokale), uavhengig av talet på typar papirsidespel.

Ved søknad om spel i link skal det leggst med ei eiga oversikt der det går fram kva bingolokale ein ønskjer å spele i link med. Kwart bingolokale det blir søkt om å spele i link med, skal identifiserast med organisasjonsnummer til entreprenør og lokalinnehavar. Gi også opp namn og adresse til bingolokalet.

Ved søknad om **Entreprenørbingo**; send utfylt skjema til:

Entreprenøren som skal arrangere bingoen.

Ved søknad om **Foreiningsbingo og Radio/TV-bingo**; send utfylt skjema til:

Lotteritilsynet, Postboks 800, 6805 Førde, alternativt som vedlegg til e-post til postmottak@lottstift.no

Informasjon om regelverk m.m. finn du på www.lottstift.no